


Minus 10 på Friheim sist natt

25.11.2010



Natt til i dag var det minus 10 på Friheim og dermed må ein slå fast at kaldveret er i ferd med å setta sitt preg også over traktene våre.

Men nede i sentrum - til dømes i Halsabrotet - stoppa kvikksølvøyla på 6.

- Det blir nok enda kaldare til natta, for no har begge dei to termometrane våre allereie passert 9, kunne Bjørg Inga Miljeteig meldt klokka 17 i ettermiddag. Ho slår fast at det i alle fall i dei seinare åra ikkje har vore så kaldt i november,

Så kaldt har det vore at Fjellandsbøvatnet allereie har frose att, men det store spørsmålet er sjølv sagt om isen er trygg nok til aktivitet. Han bør nok kontrollmålast før ein slepp utpå folk. Men held kaldveret fram, kan det bli ei stor utfartshelg ved vatnet.

Terometeret over viser temperaturen i ettermiddag på Neset.
Då var han minus 4 der medan
han var 5 sist natt. (Foto: Ola Matti Mathisen)